

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR. 6

NOVEMBER 1990

44. ÅRG.

### IKKE EN SPURV....



Ikke en spurv til jorden  
uten at Gud det vet.  
Ikke en sjel mot døden  
uten hans kjærlighet!  
ikke en blomst er visnet,  
ikke en tåre falt  
uten at han vet om det,  
han som er over alt.

Tro det når stormen herjer  
bladløse vintertrær!  
Tro det når brenning bryter  
over de nakne skjær!  
Tro det når ubeskyttet  
midt i en kamp du står!  
Tro det når helt alene  
du med en smerte går!

Tro det når noe brister  
uten å vokse frem!  
Tro det når noen mister  
det som var alt for dem!  
Tro det når håp går under  
uten å reise seg!  
Ikke en spurv til jorden!  
Det er et ord til deg.

## Ei misoppfatta kristentru

Her i Vaksdal er det to store misoppfatningar om kva kristentrua går ut på.

Den eine ser slik ut:

"Eg gjer så godt eg kan. Eg gjer rett og skjel for meg. Då må vel alt vera i orden?"

Denne oppfatninga står milelangt frå den kristne trua. Ingen vert eit Guds barn ved hjelp av sine gode gjeringar.

Nettopp her ligg faktisk den store skilnaden mellom kristendomen og andre religionar. I andre religionar må ein på eit eller anna vis streva for å nå opp til Gud. Det vert mykje strev og lite tryggleik. Den kristne trua fortel at Gud kom ned til oss.

Dette er ein god bodskap for alle som ser at dei ikkje strekk til i møte med den heilage Gud.

"Eg er komen for å leita etter det som var fortapt, og frelsa det," seier Jesus. "Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg."

Jesus seier altså at vi må verta bergal! Det er hovmot å tru at vi kan klara det sjølve. Og hovmot står for fall.


Den andre misforståinga er denne:

"Eg trur at det finst ein Gud. Eg meiner at det som bibelen seier, er sant. Altså har eg den trua som Jesus spør etter."

Dette held ikkje utan vidare. Eit døme synar kvifor: Eg trur at brød inneheld det eg treng av næring. Eg veit ein del om sunt kosthald. Men det hjelper meg ikkje i det heile teke. Ingen vert mette av å ha ei meining om brød! Det er fyrst når eg tek til å eta, at eg får nytte av det eg veit.

På same vis må òg den kristne trua nyttast aktivt. Elles er ho berre det som bibelen kallar "ei død tru".

"Den som høyrer desse orda mine, og ikkje gjer etter dei, han er lik ein uvtug mann som bygde huset sitt på sand," seier Jesus.



Kva er det då å vera ein kristen?

Det er å koma til Jesus med syndene sine.

Det vil seia at vi let han få vera vår Frelsar. Vi bed om tilgjeving for syndene våre. Vi lit på Jesus Kristus, og ikkje oss sjølve, når det gjeld vårt tilhøve til Gud.

"Dersom vi sannar syndene våre, er Gud trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urett."

Å koma til Jesus med syndene vil òg seia at vi let han få vera vår Herre. Vi let han få vera sjef i vårt liv. Tru og lydnad kan ikkje skiljast.

Kjell Arne Norum

## Herre, du kjenner meg

139 *Kvar skal eg fara frå din Ande?*

Til korleieren. Ein Davids-salme.

Herre, du ransakar meg og kjenner meg.

<sup>2</sup> Anten eg sit eller står, så veit du det, langt bortanfra merkar du mine tankar.

<sup>23</sup> Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarta, prøv meg og kjenn mine tankar!

<sup>24</sup> Sjå om eg er på den vonde vegen, og lei meg på ævevegen!

Du finn resten av denne salmen i Bibelen. Les den i tilknytning til stykket om Anita side 6-7.

## Å vera fadder

Å vera fadder er ikkje berre ei festleg oppgåve på ein høgtidsdag. Det er eit ansvar som skal fylgjast opp gjennom mange år.

Det viktigaste for ein fadder er altså ikkje å møta fram ved dåp og konfirmasjon. Det viktigaste er å vera med å hjelpa barnet til å tru på Jesus og følgja han.

Dåpen er byrjinga på eit liv saman med Jesus. Det er viktig at dette livet får næring. At Jesus-livet får vekst- og vilkår! Fadrane lovar å gi hjelp til dette. Dei skal hjelpa og stø foreldra i å oppfylle løftet ved døpefonten. Det løftet er foreldre og fadrar saman om: "Vil de at barnet skal døypast i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande og oppsedast i den kristne forsaking og tru?"

### KONKRETE FORSLAG

Kva kan så ein fadder gjera, reint konkret? Dei skal be til Gud for barnet. Dei kan gje barnet gaver til fødselsdag og jul - til dømes bøker med bibelforteljingar. (Petersen & Ypsøy har utvalet!) Eller ein kan kjøpa ein kassett med kristne barnesongar. Dei kan senda ei helsing på dåpsdagen, så barnet vert minna om at det er døypt. Om ein bur slik til, kan ein ta barnet med til kyrkja.

### DET ALLER BESTE

Borna høyrer ikkje på det vi seier - dei ser på kva vi gjer. Det beste vi kan gjera for dei er å syna dei at vi sjølve lever i tru og lydnad til Gud. At vi synar dei at den kristne trua er noko som ikkje berre er for små born.

Kjell Arne Norum



## Bønn fra en fadder

Dette blir nok ikke en helt stille stund med deg dette Herre.

Denne stunden med deg, før jeg går i kirken og lover forbønn for et bitelite nurk; ditt menneskebarn. Enda så lite det er. Så skal da JEG være verdig å være fadder.

Jeg er vel ikke egentlig en sånn fabelaktig oppfinnsom synder. Men, mine tanker Herre, mine tanker...

Her gjelder det dessuten forbønn for et helt nytt lite menneskebarn. Allright forbønn skal bli, det lover jeg. Uansett om jeg føler meg verdig eller uverdig. Det skifter som du vet med ytre og indre omstendigheter.

Så ber jeg deg inderlig og virkelig om dette! La meg følge mitt fadderbarn uansett. Om det blir et fabelaktig Guds barn eller ikke; la meg følge mitt fadderbarn.

Aldri bruke ordet skuffet overfor mitt fadderbarn. Aldri!

Skulle barnet vende seg bort fra ditt ansikt, la meg følge det. Og selvfølgelig la meg følge mitt fadderbarn i medgang og glede. Ikke tro at når alt går så bra så trenger man ikke forbønn.

Herregud. Dette nydelige lille menneskebarnet. Så særlig syndig kan jeg ikke se at det er nå. Men senere Mester, senere. La meg være der da!

Amen.

BRETT BORGEN

## KONFIRMANT - LEIR 21-23. SEPT.

Me ankom Fagertun med buss fredagskveld og vart innkvartert på det nye internatet. Me heiv i oss kveldsen og fór opp på kveldssamlinga.

Det vart ro i to-tida om natta, så med andre ord var desse konfirmantane heilt fantastiske.

Neste dag opprant med sol og kvikke konfirmantar. Frokosten gjekk fort ned og bibeltimen kunne starta.

Dagen gjekk fint med turar og samlingar. Om kvelden slo leiarane seg laus med leikar og sketsjar til langt på natt.

Dagen etter, søndagen, drog alle saman til kyrkja, og etterpå var det nokon som gjekk opp igjen i solskinet.

Om ettermiddagen var det tid for vasking, pakking og heimreis, men det var det sjølvsagt ingen stemning for. Alle hadde trivest og kunne gjerne ha vore lengre. Bussen kom, og turen gjekk heimover.

A.E.M. M.M.



Foto: Gunnhild Lavik

Leiarane leikar seg.



Foto: Jon Straume

Her er det deltakarane sin tur til å ha det moro.



## BARNESIDE



Korleis er det i himmelen?  
Lurer du på det? Det er finare og betre enn vi kan tenkja oss. Og best av alt: JESUS er der. Høyr kva det står i Bibelen, i 1. Kor. 2,9: "Det auga ikkje såg, det øyra ikkje høyrde, det som ikkje kom opp i nokon mennesketanke, alt det Gud har gjort ferdig til dei som elsker han."

Vi kan lesa meir om himmelen, i Johannes openbering 21. I himmelen er alt godt. Alt det vonde er borte. Syndar er borte. Ingen er sjuke, ingen er stygge med kvarandre, ingen dør. Jesus ønskjer at vi skal få koma til himmelen. Han har fortald oss korleis vi kan koma dit. "Eg er vegen," seier Jesus. Når vi trur på Jesus, tar imot det Jesus kan gje oss, jada er vi på himmelvegen.



Kanskje desse barna les om himmelen?

Sjå på orda nedanfor.  
Fargelegg gult på dei orda du tykkjer er gode. Dei høyrer med i himmelen.  
Set ein mørk strek over dei orda som ikkje høyrer heime i himmelen.

LYS LOVSONG SORG  
GLEDE TÅRER GUD  
LØGN FRED MOBBING  
DØD FRISK MISUNNING

Reidun Skurtveit



## Møte med ANITA

Anita Helle er ei frisk og glad jente på 22 år frå Eikhaugen på Dale.

Etter tre år i USA er ho no heime. Kor lenge ho blir, veit ho ikkje sjølv akkurat no. Planen var å reisa tilbake til USA og fullføra college, "men kanskje Gud har andre planar med meg," seier ho med eit smil.

Tida etter ungdomsskolen har ho brukt på ein noko utradisjonell måte, iallfall til å vera ei jente. Eit år gjekk ho på yrkesskolen på Dale, eit år på Bergen Maritime skule og så eit år til sjøs på onkelen sin båt som gjekk med stykk-gods i Europa.

Det året ho gjekk på skule i Bergen, hadde ho god kontakt med ei anna kristen jente som budde her på den tida. Ho var til god hjelp.

Om tida på båten fortel Anita: "Gud tok meg ut av dei trygge omgivelsene eg hadde levd i og plasserte meg mest som på ei øde øy, slik at eg måtte stola på han i alle ting. Eg var aleine kristen på båten, og då las eg mykje i Bibelen. På den måten lærte eg mykje om Gud. Det var som ei opplæringstid til å koma ut i den store verda. Eg fekk vera eit vitne for mennesket ombord. Det var litt tøft, og eg opplevde at eg måtte få styrke frå Gud for å klara utfordringane."

Vi spør Anita om kva som førte henne fram til den trua ho har i dag. Ho seier at det er fleire ting ho har vore med på, som kvar på sin måte har vore med og sådd frø som sidan har spirt fram til tru. Sjølv om ho ikkje var så mange gonger på søndagsskolen, opplevde ho det ho fekk høyra om der, som noko trygt og godt. I speidaren og i Ten-sing-kor møtte ho den same budskapet gjennom andaktene der. Konfirmasjonsførebuinga var òg med og gav vekst, sjølv om det ikkje var så tøft å gå til konfirmant-timane. Ho innrømmer at ho eit par gonger skulka samlingane dei hadde t.d. i Moseshuset og fekk dårleg samvit-etterpå for at ho kunne gjera noko slikt, særleg fordi presten var far til venninna hennar.



"På den tida starta Dale Ten-Sing, og syster mi var med der," fortel Anita. "Ho fekk meg med, og kvar gong eg høyrde om Jesus i andakten på korvingane i kyrkja, vart eg fylt med noko godt - ein fred. Samstundes trekte andre ting også, til dømes å gå på diskotek. Ei stund syntest eg det var heilt flott, både vera med å syngja i Ten-Sing-koret - og vera med i den andre gjengen. Men då eg skjøna at det gjekk ikkje å stå med ein fot i kvar leir, fekk eg litt meir avstand til kristendommen."

Seinare førte Gud henne på sine vegar igjen, og etter tida til sjøs, søkte ho på to bibeleskular, ein i Gjøvik og ein i Sverige, og på Ten Sing Norway. "Eg har alltid vore glad i å syngja," seier Anita. "Men i Gjøvik var det fullt, i Sverige hadde dei ikkje den lina eg ville gå på, og for å vera med på Ten Sing Norway, måtte eg hatt tre år vidergåande skule. Men USA spøkte i bakhovudet, og eg bad: - Herre, du ser kor eg står og kor du vil ha meg. Alt ligg i dine hender. -"

## Medmenneske

Et gryende liv er begynt, ingen vet om det er sykt eller sunt. Vitenskapen har sine metoder, ønsker visst bare kloke hoder.

Et barn som ikke er som oss andre, kan gi oss så mye og mye forandre så gleden vi ser i de mange ting som er overalt, når vi ser oss omkring.

Vår gutt kan ikke stå, ikke sitte og slett ikke gå. Smøre sin mat kan han heller ikke eller holde et glass når han vil drikke.

Hvem har vel rett til å peke og si: "Du kan aldri lykkelig bli!" For livsverdiene har ikke noe med dette, om barnet kan lite utrette.

Solskinnet er han i vårt hjem, lyser og varmer mest av de fem. Han kjærlighet gir og kjærlighet får, så lykkelige blir nok hans år.

Gutten vår har mange gode venner, mange flere enn vi kjenner, For med sitt smil og gode humør, setter han på hverdagen fin kulør.

Takk, da Gud, for gutten vi fikk, hjelp oss å løfte mot deg vårt blikk. Det er jo fra deg vi kraften skal få, den vi skal vandre videre på.

"Mor til en funksjonshemma."

## Moseshuset er borte

I over 8 år vart det drive kyrkje-lydsarbeid i dette huset. Dale Fabrikker stilte det til disposisjon for Turid og Magne Steinnes i si tid. Seinare tok andre over. Kommunen dekkja drifta av huset. Her har vore Ungdomsklubb, guteklubb, Ten Sing, konfirmantsamlingar, kyrkjekaffe, speidarmøte, leiarsamlingar, Bedehusforening, og andre foreningsmøte. Vi er takksame for den tida vi fekk ha huset, men saknar eit alternativ. Dale sokneråd vonar no at det nye bedehuset snart vert ferdig til bruk, slik at ein del av desse aktivitetane kan finna sin plass der.

Når Gud svarar på bøn, gjer han det konkret. To veker etter stod eg med eit brev heimafrå i handa om ein jobb i USA. Den var min, dersom eg ville ha han. I eit år passa eg eit barn i ein norsk-amerikansk familie i Boston. Det gjekk tre månader før eg fann ei kyrkje der eg fann meg heime. Der fekk eg ei god veninne som eg har delt leilighet med.

Etter det fyrste året i USA gjekk eg to år på college i Boston, almenfagleg line, og eg må ta eit år til for å få eksamenspapir.

Dersom eg fekk jobb heime, ville eg reisa heim i sommar. Dette såg håpløst ut lenge, men så kom brevet om at eg hadde fått vikarjobb som hjemmehjelpar!

Innimellom i samtalen fortel Anita om korleis ho heile tida har lagt sitt liv i Guds hand og bedt om å bli leia på den rette vegen. Og ho har fått svar, og ting har lagt seg til rette for henne, sjølv når det såg flokete og vanskeleg ut. Ho har omplevd å få vera eit vitne for Jesus blant menneske ho har møtt, og Bibelen er ein trufast fylgjesvein når Anita fer omkring.

"Det var fint å få koma tilbake til "FIDES" og få vera med å syngja igjen. Så starta møte-aksjonen på Vaksdal, og då fekk eg mot til det eg lenge hadde hatt lyst til - å stå fram og syngja framfor ei forsamling menneske. Den fyrste songen var ein song vi hadde i Dale Ten Sing, og som eg fann att då eg var med å rydda ut or Moseshuset, som no er rive. Den har tekst frå Salme 139 og melodi av Kristin Voll Tesdal: "Herre, du kjenner meg."

Og med dette avsluttar vi samtalen med Anita.

"Gud har ein plan med vårt liv heilt frå vi er født. Vi er verdfulle i Guds auge. Han har bruk for oss."



## Opne dører for evangeliet, kristne bed om barnebiblar



-Vi treng barnebiblar, seier fader Georgij i Minsk. Han driv kristendomsundervisning i ein offentleg skule, men har mest ikkje undervisningsmaterieell. Fader Georgij vonar at den nordiske barnebibel-aksjonen vil lukkast.



## NORGES K.F.U.K. SPEIDARAR FEIRA 70 ÅR 3. NOVEMBER

Dale 1. av Norges KFUK-speidarar feira dagen med stor speidarfest i Stamnes Bedehus der det var opptaking av nye speidarar frå Stanghelle, Dale, Stamnes og Bergsdalen.

Under ein plakat med Lenin-sitat står ein russisk-ortodoks prest og underviser skoleelevar i kristendom. Han er kledd i sin svarte prestekjole, med ein stor kross som heng i kjede. Elevane høyrer interessert etter. Emnet i dag er: Har verda blitt til av seg sjølv, eller er ho skapt av Gud?

Sidan revolusjonen i 1917 har kristendomsundervisning vore forbode i Sovjet. No er ei ny religionslov nyleg vedteke, noko som gjev kyrkjesamfunna ein heilt ny fridom. Ein del kristne har sett igang kristendomsundervisning alt før lovene vart vedteke, fader Georgij i Minsk var ein av dei.

Han blir tatt vel imot når han kjem på skulen med prestekjolen under armen. Arbeidet hans skjer i full forståing med leiinga av skulen. Han underviser i skuletida for elevar som friviljug vel kristendom. Fader Georgij har ikkje noko klassesett med biblar eller annan kristen litteratur. Difor må han nytta baloptikon for å syna fram bileta i den eine boka han har. Han ynskjer seg barnebiblar til kvar elev.

Moglegheitene er store etter 70 år med ateistisk einsretting. Endeleg kan dei kristne ope bringa vidare til borna den arv foreldra og besteforeldra deira tok vare på gjennom mange harde år med undertrykking. Men mangelen på materieell er stor.

Denne hausten startar ein nordisk aksjon som har til mål å skaffa ein halv million barnebiblar til Sovjet. I Norge samarbeider Det Norske Bibelselskap, Sarons Dal, Pinsevenenes Ytre Misjon, Norsk Misjon i Øst og Opne Dører om aksjonen. Desse oppmodar kyrkjelyder, søndagsskular, speidarar og andre grupper til å ta del i barnebibel-aksjonen. Det kostar 20 kr å gje ein barnebibel til eit barn i Sovjet.



## Norges SAMEMISJON

### LANDSSTYREMØTE PÅ FAGERTUN 9.-11. NOV.

Det er vel ikkje ofte det vert halde landsstyremøte i dei store organisasjonane her i vårt prestegjeld. Det er difor verdt å leggja merke til at NORGES SAMEMISJON har lagt sitt landsstyremøte i november til Fagertun leirstad.

I samband med dette vert det **OPE MØTE FREDAG 9. NOVEMBER kl. 20.00.** Magne Gamlemshaug talar. Hjarteleg velkomen til møtet!

### SALMEKVELD 11. NOV. I VAKSDAL KYRKJE

Søndag 11. november kl. 19.00 vert det **MATIAS ORHEIM - KVELD** i ord og tonar. Sokneprest i Loddefjord, Arnfinn Haram, syng sjølv, og det vert allsang.

### KONFIRMANTFEST I STAMNES BEDEHUS

LAURDAG 17. nov. kl. 19.00

50-års konfirmantane og konfirmantane frå i vår er særskild invitert. Elles er festen open for alle. **VARIERT PROGRAM. PRIS kr. 60.**

### AKSJONSVEKE I STANGHELLE BEDEHUS

20.-25. november ved Leiv Nesheim. Alle er hjarteleg velkomne til møta som byrjar kl. 19.00.

SUNDAG 25. november kl. 17.00 er det **RAKNESTUNKVELD** med lynlotteri m.m.. Alle er hjarteleg velkomne.

## SØNNDAGSSAMLINGAR I DALE KYRKJE

Kl. 18.30 -19.00 vert det samling om Guds ord og bøn i Dale kyrkje dei søndagane det ikkje er gudsteneste, møte eller konsert om kvelden. Vel møtt i Jesu namn.

## JULEKONSERTAR I DALE KYRKJE

Utanom den store konserten 1. desember kan det verta to julekonsertar til i Dale kyrkje, fortel organist Ragnvaldsen. Dei vert på kvardager dei to siste vekene før jul.

## PENSJONISTFEST PÅ EIDSLAND

Stamnes sokneråd og "Liljekonvallen" på Eidsland hadde bede inn pensjonistar og andre til ein festkveld i Grendahuset på Eidsland, fredag 12. oktober. Og ein festkveld vart det for dei rundt 60 vaksne og alle i "Liljekonvallen" som var samla. Heilt frå Straume og Nordgrend kom dei, nokon med rutebuss, andre i privatbilar, for å vera med på festen.

"Liljekonvallen" hadde dekkja småbord og pynta med blomster. Reidun Skurtevit hadde fått far sin, Rasmus Skurtevit, med seg, og han heldt andakt for oss. Etterpå serverte "Liljekonvallen" kaffi, gode smørbrød og blautkake.

Det var gode innslag med song, diktlesing og miming. Borna framførde og ein sketsj der me fekk ein glytt inn i eit klasserom på skulen i dag. Stakkars lærarar!

Det såg ut som at dei eldre og dei unge kunne kosa seg i lag på fest. Kan-skje burde me samlast oftare såleis, og ikkje berre i kvar sine båsar, dei unge for seg og dei gamle for seg.

Takk til alle som kom og var med på festen! Ein varm takk til Asbjørn og Reidun for det store arbeidet dei står i med "Liljekonvallen".

H.N.

# Händel's "Messias" NYTT FRÅ SOKNERÅDA! I DALE KYRKJE

## STAMNES/EIDSLAND

Eit stort prosjektkor på omlag 130 songarar saman med orkesteret "Fossegrimen" er i gang med øvingar til ein flott konsert. laurdag 1. desember.

Vår eigen organist Lars Ragnvaldsen er sentral i dette arbeidet - som fast dirigent for orkesteret og no og som kordirigent for songarar frå fleire kor på Voss, i Ulvik og her i Vaksdal. Solistane er dei vel kjende "The Scholars" frå England.

Det vert to framføringar, laurdag 1. desember i Dale kyrkje som er ei framifrå konsertkyrkje. Då er det Lars Ragnvaldsen som er dirigent. Søndag 2. desember vert det konsert i Idrettshallen på Voss. Då er det australieren Angus Christie som er dirigent. Han øver no med orkesteret medan Ragnvaldsen tar seg av koret.

For tre år sidan vart "Messias" framført i Nain på Voss, men då var det fleire som ikkje fekk plass. Til alt hell er Dale kyrkje rommeleg, så vi vonar at det vert plass til alle som kjem for å høyra på.

"Halleluja-koret" frå "Messias" kjenner dei fleste. Men det er mange fine satsar, både med kor og solistar. Og alt er bygd over kjende bibelvers som fortel om Messias - alt frå profetiane, gjennom hans liv, liding og hans siger over døden og avsluttar med ein mektig lovprising og Amen.

Skulle ikkje dette vera ein fin måte å gå inn i advent-tida og juleførebuinga på? Noter deg datoen - 1. desember. Klokkeslettet kjem i lokalavisene. Du er hjarteleg velkomen!



På Eidsland har det vore arbeid i gang med kyrkja i sommar. Kyrkjekipet var byrja å bula ut. Det vart sett ei stålstang tvers gjennom kyrkja oppunder kvelven og lagt gode feste på sperre-rammene som stanga går gjennom. Så vart veggene skrua saman att. Taket er og reparert, og kyrkja er måla utvendig frå tårn til grunnmur. Takvatn er leida vekk, og plassen utafor er planert og grusa.

På Stamnes har me fått måla sakristiet utvendig. Me vonar å få pussa opp toaletta og lagerrom i haust.

Kyrkjevegen på Stamnes er blitt endå vanskelegare å køyra bil på. For å sikra borna som går til og frå barnehagen, har vegvesenet sett opp støypekant langs fylkesvegen. Det blir såleis ein svært vanskeleg sving for å koma inn på kyrkjevegen. Me ventar på den nye kyrkjevegen. Vossafirmaet O.L. Kyte har fått anbud på å byggja den, så snart grunnspørsmål og vatn til dei som vert berørt, er ordna.

Me ventar og på utviding av gravplassen. Diverre vert det ikkje gjort i denne omgang, men det må koma snart.

Harald Neset.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res. kap.  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88  
Mobil tlf.: 090 - 02992

Hugs, måndag er presten  
sin fridag!

## SLEKTERS GANG

### Avlidne



#### DALE

17.09 Lilly Vedå f.1901  
21.09 Olav Sæterdal f.1921  
27.09 Arvid Vaksdal f.1928  
13.10 Magda Seim f.1899  
19.10 Judit Mjellelid Dale f.1948  
24.10 Harriet Strømme f.1906

#### VAKSDAL

20.09 Ivar Gustav Ersland f.1917  
04.10 Mons Langhelle f.1902  
21.10 Anna Tolås f.1911  
24.10 Ragnhild Vaksdal f.1901

#### STAMNES

19.09 Johan Drangevåg f.1912

#### EIDSLAND

14.09 Kjell Jonny Wiik f.1944

### Døpte




#### DALE

07.10 Astrid-Marit Hvidsten Langhelle  
14.10 Kristoffer Helming, døpt i  
Domkirken i Bergen.

#### VAKSDAL

30.09 Kenneth Vik  
30.09 Marianne Steinsland  
07.10 Kjersti Thom Fosse  
21.10 Thomas Hisdal




...at dei må verta  
verande hjå Kristus når  
dei veks opp, liksom  
dei ved dåpen er inn-  
pota i han.



### Vigde

#### BERGSDALEN

19.10 Lene Kristin Eldevik og  
Tor Reidar Kjosar



...at dei må halda  
trufast saman og hjelpe  
kvarandre fram mot det  
evige livet.

#### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr.50,-  
Postgiro: 0804 5723473  
Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Reidun Takvam  
Boks 116  
5280 Dalekvam  
tlf. 596133

Kasserar: Asle Georg Karlsen  
Boge, 5270 Vaksdal  
tlf. 597232

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese  
tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S  
5610 Øystese

## VELKOMEN TIL KYRKJE

11.november - 23.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Familiegudst.Meidell.  
Utdeling av "Barnas kyrkjebok". Offer  
til Stamnes Ungdomskor og Ving.

NESHEIM kl.11. Hageberg. Nattverd.  
Offer til Hjemmenes Dåpsring.

STANGHELLE kl.11. Norum. Offer til  
Santalmisjonens Bibel-og Misjons-  
skole, GÅ-UT senteret.

VAKSDAL kl.19. Salmekveld om Orheim  
ved Arnfinn Haram.

18.november - 24.søndag etter pinse

DALE kl.11. Meidell. Nattverd. Offer  
til De fire Diakoni-institusjonene.

VAKSDAL kl.11. Familiegudst. Norum.  
Utdeling av "Barnas kyrkjebok."

25.november-Siste søndag i kyrkjeåret.

EIDSLAND kl.11. Meidell. Nattverd.  
Offer til Menighetsfakultetet.

EKSINGEDALEN kl.11. Norum. Nattverd.

Laurdag 1.desember

DALE - KONSERT med orkesteret "Fosse-  
grimen og prosjektkor. Händels "MESSIAS".

2.desember - 1.søndag i advent.

STAMNES kl.11. Meidell. Nattverd. Offer til  
Folkebeveg. for livsrett og menneskeverd.

VAKSDAL kl.18. Meidell. Nattverd. Offer til  
Norges Kr. Student- og skoleungdomslag.

DALE kl.18. Lysmesse. Norum

### Nokon å snakka med

Prestane har teieplikt. Dersom  
du treng nokon å snakka med, står vi  
til disposisjon. Vi veit at mange  
går og slit med vanskelege ting.  
Ta kontakt dersom du trur at vi kan  
hjelpa deg!

Prestane i Vaksdal



9.desember - 2.søndag i advent

STANGHELLE kl.11. Meidell. Offer til  
Dronning Mauds Minne.

NESHEIM kl.11. Vikarprest Sæbø. Nattverd.

VAKSDAL kl.19. Julekonsert. Sæbø.

Laurdag 15.desember


BERGSDALEN kl.16. Lysmesse. Norum.

STAMNES kl.18. Lysmesse/konsert. Meidell.

16.desember - 3.søndag i advent

DALE kl.11. Meidell. Nattv. Offer til IKO.

VAKSDAL kl.18. Lysmesse. Norum.



### STOFF TIL KYRKJEBLADET

SLÅ PÅ TRÅDEN  
ELLER SEND MEG NOKRE ORD  
OM DU HAR STOFF TIL BLADET.

JULENUMMERET kjem ut i veke 50  
og frist for innlevering av  
stoff er 17.november.

Helsing Reidun.